

## **Felles haldning i Hallingdal til dispensasjon for spreiing av husdyrgjødsel på eng, etter 1. september.**

Etter forskrift om gjødselvarer av organisk opphav mv. kan kommunane gi dispensasjon frå forskrifa i høve til spreietidspunkt. Regelverket gir altså rom for dispensasjon for spreieing av husdyrgjødsling på eng etter 1. september, men landbrukskontora i Hallingdal er samde om å vere restriktive med å gi slik dispensasjon.

Med tanke på best mogleg økonomisk og agronomisk utnytting av husdyrgjødsla, rår vi også sterkt til at ein så langt råd er gjødsla medan enga er i god vekst. Kommunane forventar også at gardbrukarane før dei evt. søker dispensasjon, har undersøkt hjå naboor og /eller entreprenørar som tilbyr slike tenester, om det er mogleg å finna ledig lagringsplass innanfor rimeleg avstand, samt om det er aktuelt å pløye ned noko i attlegg til ny eng.

Vi oppmodar også bønder som har ledig lagringsplass om å melde frå om dette til kommunen, og /eller til entreprenørar som utfører flytting av husdyrgjødsel. Ver merksam på at eldre gjødsellager som ikkje har vore i bruk på ei stund kan vera utette og derfor må takast i bruk med stor varsemd.

Det kan gis dispensasjon etter skriftleg søknad (pr. brev, e-post eller personleg frammøte), fortrinnsvis innan fristen 1. september går ut – det er utarbeida søknadsskjema som skal brukast.

I søknaden må det gjerast greie for at "alle steinar er snudd" for å forlenge lagerkapasiteten gjennom transport til andre lager m.v. Arealet der gjødsla er tenkt spreidd må teiknast inn på kartutsnitt, det må opplysst om avstand til vassdrag, jordtype, helling mv., samt kor mykje og kva slag gjødsel som er tenkt spreidd.

Ein understrekar at dispensasjonar berre vert gitt som naudløysing for å senke nivået i gjødsellager til et "sikrare" nivå, slik at det kan ta i mot gjødsel fram til våren. Ein tilrår også, der dette er mogleg, at ein spreier den mest flytande fraksjonen – altså inga omrøring.

Kommunane skal fatte eit skriftleg, delegert vedtak, og legg opp til rask sakshandsaming. Ingen må likevel spreie gjødsel før kommunen har stadfesta eit positivt vedtak.

Kommunane vil kunne avgrense mengd pr. dekar som vert tillate spreidd og andre tilhøve knytt til dispensasjonen. For å sikre at risiko for avrenning og forureining er minimal, bør det setjast vilkår om at arealet som vert gjødsla ligg minst 50 meter frå vassdrag (vatn, elvar, bekkar, opne kanalar og grøfter).

Spreiing av husdyrgjødsel på eng etter 1. september utan slik dispensasjon, vil føre til avkorting i produksjonstilskot og vil også verte meldt til politiet i alvorlege høve.

Sjå elles eigen rutinebeskrivelse vedr. vurdering av spreietidspunkt i Hallingdal.

***Landbrukskontora i Hallingdal, hausten 2017***